




Gnr./bnr. 134/34 Børnes - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

1 Kort om bakgrunnen for søknaden

Den 21.03.2024 vart Detaljregulering for Børnes næringsområde, 134/34 m.fl. (Nasjonal arealplanid 4617_20190006), vedtatt.



Figur 1. Plankart for Detaljregulering for Børnes næringsområde, 134/34 m.fl. (Nasjonal arealplanid 4617_20190006)

Kvinnherad kommune ved prosjekteininga viser til gjeldande reguleringsplan for Børnes. I reguleringsplanen er areala o_SKV1 og o_SKV2 sett av til offentleg køyreveg (samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur). Vegane o_SKV1 og o_SKV2 har ei vegbreidde på 7,0 meter.

Prosjekteininga planlegg å bygge desse vegane med ei køyrebane på **5,5 meter**, i staden for regulert breidde på **7,0 meter**.

Som følgje av økonomiske og tidsaspekt vert det no søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. Dette for at Kvinnherad kommune skal kunne sikre at veg og infrastruktur vert ferdigstilt til nye tiltak på Børnes. Det er berre deler av vegen som vert ferdigstilt i denne omgangen, sjå vedlagte teikningar.

Tiltaket er dermed i strid med reguleringsføresegnene, og det vert med dette søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

I samband med søknad om vert det vurdert at kravet om opparbeiding av fortau o_SF1 og o_SF7 ikkje er relevant på noverande tidspunkt.

Området der o_SKV2 skal byggjast vert i dag brukt til lagerbygg og lagring av diverse utstyr. Denne typen aktivitet medfører i avgrensa grad ferdsle av mjuke trafikantar, då aktiviteten i hovudsak er knytt til varetransport og køyretøy. Det er ikkje venta auka ferdsle av gåande eller syklende, og vil heller ikkje føre til vesentleg endring i trafikkmønster eller trafikkmengda i området.

Det følgjer av føresegn 10.4 at det kan gjerast unntak frå krav om opparbeiding av fortau når tiltaket ikkje medfører auka trafikkmengde eller trafikfare, og ved etablering av lagerbygg med eksisterande vegtilkomst kan det vere grunnlag for å fråvike krav om full standard på infrastruktur.

2. Kva det blir søkt dispensasjon frå

Det vert søkt dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan sine føresegner for vegbreidde for o_SKV1 og o_SKV2.

Avviket gjeld:

- Reduksjon av køyrebreidde frå 7,0 meter til 5,5 meter.

3. Grunngeving for dispensasjon

3.1 Hensyn bak føresegna

Føresegnene om vegbreidde skal mellom anna sikre:

- Trafikktryggleik
- Framkome for køyretøy, inkludert utrykkingskøyretøy
- Tilrettelegging for framtidig trafikk

Etter prosjekteininga si vurdering vil desse omsyna fortsatt vere ivaretekne med 5,5 m vegbreidde.

3.2 Trafikale forhold og funksjon

Vegane o_SKV1 og o_SKV2 er interne tilkomstvegar med:

- Låg trafikkmengde
- Avgrensa gjennomgangstrafikk
- Liten andel tungtrafikk

Ei vegbreidde på 5,5 meter er vanleg for tilkomst- og bustadvegar, og kan gi tilstrekkeleg framkome for møtande trafikk ved låg trafikkbelastning.

3.3 Terreng, eigedomsforhold og miljø

Redusert vegbreidde vil:

- Gje mindre terrenginngrep
- Redusere behov for massehandtering
- Avgrense påverknad på landskap og natur
- Redusere kostnader for prosjektet
- Kommunen har tidlegare selt tomter i området rundt o_SKV2, og deretter laga reguleringsplan. Oppretthalding av regulert vegprofil med 7,0 meter veg og 2,5 meter fortau vil medføre inngrep i tilgrensande eigedommar. Dette vil krevje ekspropriasjon eller tilbakekjøp av areal som tidlegare er avhenda, noko som gir både økonomiske og juridiske utfordringar for kommunen. Ved å redusere vegbreidda til 5,5 meter og sløyfe fortau, kan ein i stor grad halde seg innanfor eksisterande areal, og dermed unngå behov for ytterlegare grunnverv. Dette er i tråd med prinsippet om å minimere inngrep i private eigedommar. Dette er i tråd med prinsipp om berekraftig arealbruk.

3.4 Tekniske vurderingar

Det vil bli lagt til rette for:

- God sikt og trafikktryggleik
- Framkome for naudetatar

Vegløysinga vil bli prosjektert i samsvar med gjeldande normer der desse er relevante.

4. Vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2

4.1 Hensyna bak planen

Dispensasjonen medfører ikkje at omsyna bak reguleringsplanen vert vesentleg tilsidesette. Vegane vil framleis dekke funksjonen som tilkomstveg og sikre nødvendig framkome.

4.2 Fordelar vs. ulemper

Fordelar:

- Mindre naturinngrep
- Reduserte kostnader
- Btre tilpassing til faktisk trafikkbehov
- Mindre behov for kjøp/ekspropriering av eigedommar

Ulemper:

- Noko mindre breidde for møtande trafikk

Samla vurdering er at fordelane er klart større enn ulempene.

Dette er i samsvar med vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2, der det krevst at omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane er større enn ulempene.

5. Konklusjon

Kvinnherad kommune ved prosjekteininga ber om dispensasjon frå regulert vegbreidde for o_SKV1 og o_SKV2, slik at vegane kan byggast med 5,5 meter køyrebreidde.

Det vert vurdert at:

- Tiltaket i liten grad påverkar omsyna bak planen
 - Trafikktryggleiken vert ivareteken
 - Løysinga er meir berekraftig og kostnadseffektiv
-

6. Vedlegg

- Kartutsnitt / reguleringsplankart
- Eventuelle tekniske teikningar
- Andre relevante dokument

Vedlagt er alle naudsynte søknadspapir i saka.

Med helsing

Trond Steinsvik
Prosjektingeniør